

Alver kommune
ingeniør Linda Hammersvik Folkestad
avd. veg-, vatn- avløp-forvaltning
postboks 4
5906 Frekhaug

12.12.2020

Vedr. søknad om nedgraving og installasjon av fettutskiljar til kommunalt avløpsnett

Viser til mottatt brev, datert 11.12.2020, frå Alver kommune ved saksbehandlar Linda Hammersvik Folkestad: «Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden – gbnr 323/395 Frekhaug».

Det framgår i dette brevet at:

«kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Berekningsgrunnlag for kjøkkenutstyr som skal knyttast på fettutskiljaranlegg.
2. Tinglyst erklæring om rett til å legge ned fettutskiljar på gbnr 323/490.
Nødvendig informasjon er sendt tiltakshavar 14.10.2020.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt samla innan 17.12.2020.»

Vil fyrst nevne at eg 03.07.2020 mottok brev frå Alver kommune ved saksbehandlar Linda Hammersvik Folkestad: «Pålegg om utskifting av fettutskiljar – GBNR 323/395, Frekhaug», med kopi til: Exspress Grill & Pizza, Mohamadmahdi Abdullah Naoura.

(Express Grill & Pizza valgte i etterkant å avslutte sitt leieforhold i mitt næringsbygg.)

Minstekravet til fettutskiljar var sett til NS4, men for å være på den heilt sikre sida når det gjeld kapasitet har eg valgt å bestille fettutskiljar av størrelsen NS6 med tilhøyrande prøvetakingskum. Forma på denne fettutskiljaren er lang og smal og eignar seg difor godt for nedgraving langsmed eine veggen på mitt næringsbygg, noko som medfører at eg kan grave fettutskiljaren ned innafør eiga tomtegrense.

Iflg. telefonsamtale med Jan Erik Håkonsen hos Odin Maskin AS (produsent av fettutskiljarar), vil denne fettutskiljaren ha rikeleg plass for nedgraving innanfor 1 ½ - 2 meters breidde. Jan Erik Håkonsen har også bekrefta at så lenge fettutskiljaren er nedgravd, vil det ikke bli noko problem i forhold til temperatur, sjølv om fettutskiljaren skulle bli liggjande ganske nært inntil bygget sin grunnmur.

Eg søker om nedgraving av fettutskiljar innanfor eiga tomtegrense på eigedom gbnr. 323/395.

Når kommunen ber om følgjande: «2. Tinglyst erklæring om rett til å legge ned fettutskiljar på gbnr. 323/490, så må vel dette vere ei misforståing ettersom fettutskiljaren skal gravast ned innanfor mitt eige tomteareal på gbnr. 323/395?

Tomtearealet på min eigedom gbnr. 323/395 er på litt over 100 m², som ein firkant der alle sidene er 10 m. Tomtegrensa går altså 2 m. ut frå grunnmuren på opprinneleg bygg på alle dei fire sidene. I bakkant er bygget bygd ut til tomtegrensa, men på alle dei tre andre sidene av bygget går altså eigedomsgrensene 2 meter ut frå grunnmuren på bygget (jfr. Målebrev 8841, AS Meland Tomteselskap).

I kjøpekontrakt datert 10.03.1992 inngjekk Frekhaug Torg AS og kjøpar Ragnhild Horghagen (mor mi) følgjande avtale: «Ragnhild kjøper parsell av gnr. 23, bnr. 302, «Blomsterbua», med grunn 100 m² og påståande bygning samt andel i fellesareal, multiplikator 2,9. Parsellen har fått bnr. 395.» Eg har i etterkant kjøpt eigedomen av mor mi.

Når det gjeld motteke brev frå Alver kommune datert 11.12.2020 «Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden – gbnr 323/395 Frekhaug», der kommunen ber om tinglyst erklæring om rett til å legge ned fettutskiljar på gbnr 323/490, så er vel dette ein førspurnad som me kan sjå bort frå, ettersom fettutskiljaren ikkje skal leggjast ned på gbnr 323/490 men derimot innanfor eigne tomtegrenser på gbnr. 323/395 ?

Det er søkt om å grave ned fettutskiljaren på den sida av bygget som ligg parallelt med Kiwibyget, der eiga tomtegrense (gbnr. 323/395) går to meter ut frå grunnmuren på bygget. Det er naturleg å leggje fettutskiljaren på denne sida av bygget, ettersom røropplegg ifm. kjøkken vil vere mest hensiktsmessig å leggje på denne sida av bygget, noko også rørlegger seier seg einig i.

Når det gjeld kommunen sitt brev datert 11.12.2020, «Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden – gbnr 323/395 Frekhaug», der kommunen ber om berekningsgrunnlag for kjøkkenutstyr som skal knyttast på fettutskiljaranlegg, så har eg berekna rikeleg kapasitet ved å bestille fettutskiljar av typen NS6 (og ikkje minstekravet som i Alver kommune er på NS4).

Grunnen til at eg har bestilt ein feittutskiljar av denne storleiken er at eg då vil sleppe å måtte tømme den så ofte, då tømmekostnadane kan vere ganske store. Det er også slik at feittutskiljaren dei første åra vil bli nytta ifm drift av ein liten gårdsbutikk, som er ein avd. under lansbruksforetaket Vesøy Utvikling. Det vil bli tilrettelagt for eit kjøkken der ein kan drive med sjølvproduksjon av m.a. saft og syltetøy. Kjøkkenutstyr som vil bli knytta opp mot feittutskiljar er utslagsvask og oppvaskmaskin.

Har forstått det slik at alle verksemder i Alver kommune som driv med produksjon av matvareprodukt har krav på seg til å installere nedgravd feittutskiljar med prøvetakingskum. Det å satse på ein feittutskiljar av storleiken NS6, vil også vere hensiktsmessig med tanke på evt. nye leigetakarar i åra som kjem, der ein vil ha litt fleksibilitet i forhold til ulike typar driftsformer og behov for storleik på feittutskiljar.

Som eigar av eigedom gbnr. 323/395, er det eg, Astri H. Tvedt, som etter pålegg frå Alver kommune om installasjon av feittutskiljar, er initiativtakar til søknad om installasjon av feittutskiljar NS6. Feittutskiljaren inngår i nødvendig tilrettelegging for godkjent drift av kjøkken for matproduksjon for gårdsbutikken, som er ei avd. under mitt landbruksforetak Vesøy Utvikling.

Ettersom kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.12.2020, sender eg dette skrivet til Alver kommune, til ansvarleg søkjar Lindås Rør og Sanitær AS og til ansvarleg entreprenør GrunnarbeidVest AS. Ber om at Alver kommune raskt tek kontakt dersom det skulle vere behov for ytterlegare informasjon. Send meg gjerne info. på e-post: astri.tvedt@gmail.com .

Venleg helsing

Astri H. Tvedt

